

Til Helse Vest RHF

Helse Førde HF sender med dette Høyringsuttalen til HELSE 2020
Styret i Helse Førde HF gjorde slikt vedtak i styremøte 22.juni:

1. Styret i Helse Førde sluttar seg til dei helsepolitiske og helsefaglege føringane som ligg i Helse2020.
2. Styret i Helse Førde HF ber om at høyringsuttalene i regionen vert tatt med i det vidare arbeid.

I diskusjonen i styre vart det også presisert at det i punkt 7.1.9 ”Studentoppfølging – systematisk praksisstøtte” burde vore ei nærmare presisering om turnuslegar .

Med venleg helsing

Tove Hovland
seniorrådgjevar

DRØFTINGSPROTOKOLL HELSE 2020

Dato: 29.05.2007

Sted: Førde sentralsjukehus

Tilstades:

Frå Helse Førde - Viseadm dir Eriksen - Fagdir Breidablikk - Personaldir Moe	Frå organisasjonane: - Fagforbundet v/Kjell Nygård - NSF v/Randi Fagereng - NRF v/Margrethe Trædal - NITO v/Oddmund Kvamen - Dnlf/OF v/Tom Guldhav - Utdanningsforbundet v/Karin Hjelmeland - FO v/ Elin Lysne - Samf.viterne v/Audhild Myklebust - UHF v/Otto Drage - NETF v/Geir Støfring
---	--

Sak: Helse2020

INNLEIING/BAKGRUNN

Drøftingsmøte tek utgangspunkt i utsendt dokument "Helse 2020 – Strategi for helseregionen"

Dei tillitsvalte meiner følgjande om dokumentet:

- Generelle merknader:
 - Dokumentet er svært generelt og derfor vanskeleg å vere usamd i noko av det som står her, men samtidig er det eit godt dokument.
 - Stort fokus på somatikken og lite fokus på psykiatri.
 - Det er viktig å halde fast på at Helse Førde er eit sjølvstendig helseføretak. Dette betyr at helseføretaket til ei kvar tid må ha herredømme over eiga organisering og dimensjonering av helsetenestene i fylket. I dag er situasjonen slik at handlingsfridomen er svært begrensa. Dette er problematisk, særleg når helseføretaket har store økonomiske utfordringar.
 - Det økonomisk/finansielle grunnlaget for drifta av Helse Førde må bli betre enn i dag. Dette er særleg viktig når ein ser dei store ambisjonane i dokumentet Helse 2020.

- Det er viktig at det blir teke omsyn til at Helse Førde driv helsetenestene innfor eit stort og geografisk krevjande fylke med eit lite tal innbyggjarar. Derfor må føretaket gis økonomiske rammevilkår som sikrar likeverdige og kvalitativt like gode tenester som elles i region Vest.


- Merknader til einskilde punkt:


Dokumentet sitt pkt.	Overskrift	Synspunkt/merknader
3.2	Økonomiske rammer sett vilkår.	Kva meiner ein med dette
4	Visjonar og mål	Under verdier bør og etikk inngå.
6.1.4	Forpliktande samhandlingsmodellar	Her er ikkje tillitsvale og vernetenesta nemnd. Dei må og nemnast i dette punktet.
7.1.9	Studentoppfølging	Dette må og inkludere oppfølging av lærlingar og elevar.


Partane er samde om at drøftingar er ført i tråd med Hovudavtalen sine føresetnader og AML bestemmelsar.

For Helse Førde


Signatur organisasjonane:


Fagforbundet


NSF


Dnlf/OF


NRF


UHF


NETF

DRØFTINGSPROTOKOLL HELSE 2020

Dato: 29.05.2007

Sted: Førde sentralsjukehus

Tilstades:

Frå Helse Førde - Viseadm dir Eriksen - Fagdir Breidablikk - Personaldir Moe	Frå vernetenesta: - Reidun Melheim
---	---

Sak: Helse2020

INNLEIING/BAKGRUNN

Drøftingsmøte tek utgangspunkt i utsendt dokument "Helse 2020 – Strategi for helseregionen"

Vernetenesta meiner følgjande om dokumentet:

- Generelle merknader:
 - Dokumentet er svært generelt og derfor vanskeleg å vere usamd i noko av det som står her, men samtidig er det eit godt dokument.
 - Stort fokus på somatikken og lite fokus på psykiatri.
 - Det er viktig å halde fast på at Helse Førde er eit sjølvstendig helseføretak. Dette betyr at helseføretaket til ei kvar tid må ha herredømme over eiga organisering og dimensjonering av helsetenestene i fylket. I dag er situasjonen slik at handlingsfridomen er svært begrensa. Dette er problematisk, særleg når helseføretaket har store økonomiske utfordringar.
 - Det økonomisk/finansielle grunnlaget for drifta av Helse Førde må bli betre enn i dag. Dette er særleg viktig når ein ser dei store ambisjonane i dokumentet Helse 2020.
 - Det er viktig at det blir teke omsyn til at Helse Førde driv helsetenestene innafor eit stort og geografisk krevjande fylke med eit lite tal innbyggjarar. Derfor må føretaket gis økonomiske rammevilkår som sikrar likeverdige og kvalitativt like gode tenester som elles i region Vest.

- Merknader til ein skilde punkt:

Dokumentet sitt pkt	Øverskrift	Synspunkt/merknader
3.2	Økonomiske rammer sett vilkår.	Kva meiner ein med dette
4	Visjonar og mål	Under verdier bør og etikk inngå.
6.1.4	Forpliktande samhandlingsmodellar	Her er ikkje tillitsvalde og vernetenesta nemnd. Dei må og nemnast i dette punktet.
7.1.9	Studentoppfølging	Dette må og inkludere oppfølging av lærlingar og elevar.

Partane er samde om at drøftingar er ført i tråd med Hovudavtalen sine føresetnader og AML bestemmelsar.

For Helse Førde

Vare HVO Reinun Mikkelsen
Signatur vernetenesta



Møtereferat

Føremål: Høyringsuttale Helse2020 - Strategi for helseregionen - Helse Vest RHF -
Møtetid: 21 .mai
Sted: Skei hotel
Referent: Tove Hovland
Møteleder: Jon Bolstad

Strategiutkastet er systematisk oppbygd og legg føringar for utviklinga av spesialisthelsetenesta på dei fleste områder. Det har likevel eit så generelt preg at det blir vanskeleg for ulike grupper som helsepersonell, pasientar, politikarar og andre å få eit eigarforhold til, og ei forståing for, delar av dokumentet.

I Helse 2020 blir det lagt opp til å lage samla planar på ulike områder dei næraste åra. Det er særskilt viktig at desse planane får eit meir konkret, og mindre ordrikt, innhald. Dette også ut frå målet om å engasjere grupper utanfor spesialisthelsetenesta.

I eit regionalt planverk er det viktig å legge føringar for funksjonsfordeling innanfor Helse Vest. Helse 2020 gjer ikkje det, og dei underliggjande planane må i større grad innehalde slike føringar.

Vi er samde i visjon og verdiar, men meiner omgrepet "Trygge og nære sjukehusenester" bør skiftast ut med "Lett tilgang til trygge sjukehusenester". Delar av gruppa meiner at underpunkta som startar med "Pasientane våre" må bytast ut med "Vi møter pasientane våre", "Vi gir pasientane" etc. Dette fordi planen skal forplikte og bevisstgjere helseføretaka og deira tilsette, og fordi det i større grad samsvarar med dei andre underpunkta.

Gruppa stiller spørsmål ved meininga av ordet "prosessar" under "Heilskapelege behandling og effektiv ressursbruk". Er det tenkt grad av involvering eller ein effektiv "produksjonsmetode"?

Gruppene meiner elles at dokumenta i større grad må ta opp i seg problemstillingar som:

Teknologisk utvikling (t.d. er telemedisin ein føresetnad for å gjennomføre planen)

- Sentralisere funksjonar i mykje større stil
- Teknologi vil gje mange fortrinn som vil komme pasienten til gode t.d vil det verte lettare å desentralisere tenestetilbodet pga telemedisinske løysingar

Nivådeling (t.d. i samband med hjarteinfarkt)

- Styrke generell kompetanse framfor superspesialistkompetanse ved lokalsjukehusa
- Ikkje alt skal behandlast i eige foretak
- Større sentralisering av høgteknologi

Samhandling

- Interne prosessar og samhandling på tvers av avdelingar og lokalitetar er ei like stor utfordring som samhandling på tvers av nivåa. Dette gjeld både ved lokalsjukehusa, sentralsjukehusa og universitetssjukehusa.
- Det burde vore vurdert meir bruk av ambulerande tenester i heile helseregionen

Kultur

- Utvikle kultur for å fremje samarbeid og samhandling internt i helseføretaka, mellom helseføretaka og på tvers av nivå.
- Kva skal til for å klare dei store omstillingane som planen legg opp til, har vi nok ressursar?
- Risiko for gjennomføring av plan fordi det er altfor mange prosessar på gang samtidig

Til slutt vil vi peike på tre områder som er viktige at planen går djupare inn i

- Skiljet mellom det offentlege og det private, og kva det offentlege skal ha ansvar for.
- Utfordringa med å rekruttere nok, og kompetent, helsepersonell
- Utfordringa knytt til gapet mellom ressursar og forventningar

Styresak

Går til:	Styremedlemer		
Føretak:	Helse Førde HF		
Styremøte:	22. juni 2007		
Styresak:	041/07 V		
		Arkivkode: 300	Arkivsak: 2006/710
Dato skrive:	14.06.2007	Sakshandsamar: Tove Hovland	
		Godkjent av: Jon Bolstad	
Sakstittel:	HELSE2020 – STRATEGI FOR HELSEREGIONEN. HØYRINGS- FRÅSEGN FRÅ HELSE FØRDE		

Bakgrunn

Helse Vest RHF har sendt utkast til strategi for vidareutvikling av spesialisthelsetenesta i helseregionen på brei høyring. Strategidokumentet er utarbeida på bakgrunn av eit grundig arbeid i ulike faggrupper samt innspel og synspunkt undervegs i prosessen, både frå interne og eksterne aktørar.

Helse Vest RHF ber om at helseføretaket sender ei samla høyringsfråsegn innan 27. juni 2007. Dei understrekar at det er svært viktig at brukarutval, tillitsvalde og vernetenesta er inkluderte i høyringsprosessen i helseføretaket og at høyringsutkastet vert drøfta i styret i helseføretaket før den endelege høyringsuttalen blir sendt til Helse Vest.

Vidare oppmodar dei oss om å gi ei mest mogleg kortfatta høyringsfråsegn, med eit særleg fokus på dei vegval og føringar som ligg i dokumentet.

Planen er at strategidokumentet skal endeleg godkjennast i styremøtet i Helse Vest RHF den 5. september.

Kommentarar

Høyringsprosessen i Helse Førde HF

Helse Førde har hatt tilsette som deltakarar i alle faggruppene som har arbeidd ut bakgrunnsmateriale for høyringsdokumentet. Brukarutvalet i Helse Førde har hatt strategiutkastet til behandling som eiga sak og deira fråsegn ligg ved. Helse2020 vart drøfta med dei tillitsvalde og vernetenesta den 29. mai 2007, drøftingsprotokollane ligg ved.

Den 21. mai var det gjennomført eit felles arbeidsmøte mellom styringsgruppa og strategigruppene for utvikling av lokalsjukehusfunksjonane ved FSS, LSH og NSH. Utalen frå dette møtet ligg også ved denne saka.

Kommentarar frå administrerande direktør

Strategiutkastet er overordna og generelt og peikar langt fram. Utkastet syner at faggruppene har vurdert og teke omsyn til dei utfordringane som spesialisthelsetenesta vil møte framover i høve til tenesteutforming og resursstilgang.

Helse Førde HF meiner at i operasjonalisering av tiltaka bør det leggjast vekt på felles overordna funksjonsfordeling mellom helseføretaka og eit sterkare fokus på kva tenester som skal og kan desentraliserast. Telemedisin/IKT vil verte eit viktig verktøy for å behalde ei desentralisert spesialisthelseteneste. Utviklinga av dette verktøyet skjer raskt og det er viktig at Helse Vest og helseføretaka har ei proaktiv haldning til utvikling og bruk av telemedisin/IKT. Difor meiner Helse Førde at det bør vurderast om ikkje plan for bruk av telemedisin/IKT som verktøy burde framskundast og setjast i verk alt frå hausten 2007.

Framlegg til vedtak

Styret i Helse Førde sluttar seg til dei helsepolitiske og helsefaglege føringane som ligg i Helse2020.

VEDLEGG:

1. HELSE2020 – Strategi for helseregionen (høyringsdokument)
2. Drøftingsprotokoll HELSE2020, mellom Helse Førde og organisasjonane 29.05.2007
3. Drøftingsprotokoll HELSE2020, mellom Helse Førde og vernetenesta 29.05.2007
4. Høyringsuttale frå Brukarutvalet i Helse Førde, datert 23.05.2007
5. Høyringsuttale Helse2020 – møtereferat datert 21.05.2007

Styresak

Går til:	Styremedlemer		
Føretak:	Helse Førde HF		
Styremøte:	22. juni 2007		
Styresak:	041/07 V		
		Arkivkode: 300	Arkivsak: 2006/710
Dato skrive:	14.06.2007	Sakshandsamar: Tove Hovland	
		Godkjent av: Jon Bolstad	
Sakstittel:	HELSE2020 – STRATEGI FOR HELSEREGIONEN. HØYRINGS- FRÅSEGN FRÅ HELSE FØRDE		

Bakgrunn

Helse Vest RHF har sendt utkast til strategi for vidareutvikling av spesialisthelsetenesta i helseregionen på brei høyring. Strategidokumentet er utarbeida på bakgrunn av eit grundig arbeid i ulike faggrupper samt innspel og synspunkt undervegs i prosessen, både frå interne og eksterne aktørar.

Helse Vest RHF ber om at helseføretaket sender ei samla høyringsfråsegn innan 27. juni 2007. Dei understrekar at det er svært viktig at brukarutval, tillitsvalde og vernetenesta er inkluderte i høyringsprosessen i helseføretaket og at høyringsutkastet vert drøfta i styret i helseføretaket før den endelege høyringsuttalen blir sendt til Helse Vest.

Vidare oppmodar dei oss om å gi ei mest mogleg kortfatta høyringsfråsegn, med eit særleg fokus på dei vegval og føringar som ligg i dokumentet.

Planen er at strategidokumentet skal endeleg godkjennast i styremøtet i Helse Vest RHF den 5. september.

Kommentarar

Høyringsprosessen i Helse Førde HF

Helse Førde har hatt tilsette som deltakarar i alle faggruppene som har arbeidd ut bakgrunnsmateriale for høyringsdokumentet. Brukarutvalet i Helse Førde har hatt strategiutkastet til behandling som eiga sak og deira fråsegn ligg ved. Helse2020 vart drøfta med dei tillitsvalde og vernetenesta den 29. mai 2007, drøftingsprotokollane ligg ved.

Den 21. mai var det gjennomført eit felles arbeidsmøte mellom styringsgruppa og strategigruppene for utvikling av lokalsjukehusfunksjonane ved FSS, LSH og NSH. Utalen frå dette møtet ligg også ved denne saka.

Kommentarar frå administrerande direktør

Strategiutkastet er overordna og generelt og peikar langt fram. Utkastet syner at faggruppene har vurdert og teke omsyn til dei utfordringane som spesialisthelsetenesta vil møte framover i høve til tenesteutforming og resursstilgang.

Helse Førde HF meiner at i operasjonalisering av tiltaka bør det leggjast vekt på felles overordna funksjonsfordeling mellom helseføretaka og eit sterkare fokus på kva tenester som skal og kan desentraliserast. Telemedisin/IKT vil verte eit viktig verktøy for å behalde ei desentralisert spesialisthelseteneste. Utviklinga av dette verktøyet skjer raskt og det er viktig at Helse Vest og helseføretaka har ei proaktiv haldning til utvikling og bruk av telemedisin/IKT. Difor meiner Helse Førde at det bør vurderast om ikkje plan for bruk av telemedisin/IKT som verktøy burde framskundast og setjast i verk alt frå hausten 2007.

Framlegg til vedtak

Styret i Helse Førde sluttar seg til dei helsepolitiske og helsefaglege føringane som ligg i Helse2020.

VEDLEGG:

1. HELSE2020 – Strategi for helseregionen (høyringsdokument)
2. Drøftingsprotokoll HELSE2020, mellom Helse Førde og organisasjonane 29.05.2007
3. Drøftingsprotokoll HELSE2020, mellom Helse Førde og vernetenesta 29.05.2007
4. Høyringsuttale frå Brukarutvalet i Helse Førde, datert 23.05.2007
5. Høyringsuttale Helse2020 – møtereferat datert 21.05.2007